

Kristen tenkning I: Grunnsyn

Forfattar: Johannes Kleppa

Dei andre delane:

Kristen tenkning II: Overblikk over historien

Kristen tenkning III: Utfordringer i dag

Innhald i denne delen

1	Innleiing	2
1.1	Trekk ved samfunnet vårt.....	2
1.2	Korleis skal vi tenkje?.....	2
2	Kristen tenking: eit startpunkt.....	3
2.1	Bibelen er openberring	3
2.1.1	Kva er «openberring»?	3
2.1.2	Kva har Gud openberra?	3
2.1.3	Spesiell og naturleg openberring	3
2.1.4	Mennesket vendt bort frå Gud	4
3	Viktige element i det kristne synet.....	4
3.1	Menneskesynet.....	4
3.1.1	Gud er skapar.....	4
3.1.2	Menneske skapt i Guds bilete	5
3.1.3	Eit vesen med unik verdi	5
3.1.4	Eit ævevesen	5
3.1.5	Eit talande vesen	5
3.1.6	Eit ansvarleg vesen	5
3.1.7	Eit vesen som treng frelse.....	6
3.2	Historiesynet	6
3.2.1	Gud skapte	6
3.2.2	Gud styrer heile skaparverket	6
3.2.3	Gud styrer trass i det onde	6
3.2.4	Gud styrer for å frelse	6
3.2.5	Gud styrer ved å dømme synden	7
3.2.6	Guds plan finner vi i Bibelen.....	7
3.2.7	Gud styrer gjennom oss	7
3.2.8	Gud styrer gjennom samfunnet.....	8
3.3	Kultursynet.....	8
3.3.1	Å forvalte skaparverket.....	8
3.3.2	Å skape eit rikare liv.....	8
3.3.3	Å vurdere gode og dårlige sider.....	9
3.4	Samfunnssynet	9
3.4.1	Familie	9
3.4.2	Samfunn	9
3.4.3	Nasjonar	9
3.4.4	Styresmakta er Guds ordning.....	10
3.4.5	Styresmakta har to oppgåver	10
3.4.6	Styresmakta kan svikte si oppgåve.....	10
3.4.7	Dei to 'regimenta'	11
3.4.8	Det åndelege regimente	11

3.4.9	Det verslege regimente	11
3.4.10	Begge regimenta er Guds.....	11

1 Innleiing

1.1 Trekk ved samfunnet vårt

Vi lever i eit velstandssamfunnet som er prega av mange gode, men som også ber i seg mange negative trekk. Vi lever samstundes i eit kunnskapssamfunn der vi har nått langt på mange område, men der kunnskapen også vert brukt negativt. Dei materielle tinga, det vi kan måla i pengar, synest å vera det viktigaste. Det vi kallar *materialisme*. Det som går på djupare åndelege verdiar og det som går på etikk, synest å vera mindre påakta. Kristentrua og Gud har liten plass i samfunnet, medan trua på mennesket og eiga fornuft er i høgsetet. Det vi kallar *rasjonalisme*.

Denne nedtoninga av det etiske og verdimesse går saman med at vi gjennom media, innvandring og den globale tidsalderen vi lever i, har fått mange religionar, trusretningar, livssyn og tenkjemåtar i folket vårt. Trass i at dei aller fleste, heile 90 prosent, formelt tilhøyrer eit kristent kyrkjesamfunn, har landet på mange måtar vorte fleirkulturelt og fleirreligiøst.

Det er ikkje berre det at fleire livssyn, verdissyn og religiøse oppfatningar lever side om side - og som vi omtalar som *pluralisme*, men dei ulike oppfatningane vert langt på veg rekna som likeverdige og alle kan i og for seg vera sanne. Den dominerande tankegangen er at noko kan vera sant for meg og noko anna for deg - og kva som er sant og rett kan endra seg med tida og den aktuelle situasjonen. Sanninga vert med det ikkje forstått som objektiv og absolutt, men som subjektiv og relativ. Sanninga vert ei personleg oppfatning. Det vert då vanskeleg å hevda at noko er sant og rett, medan anna er usant og galt. Vi kallar denne tenkjemåten for *postmodernisme*, og denne står i eit sterkt spenningsforhold til kristen tru og sanning slik denne er gjeven oss i Bibelen.

Samla sett er dette uttrykk for det vi omtalar som sekularisering, eller verdsleggjering. Kristen tru og tenking hadde tidlegare langt sterkare posisjon i folket og samfunnet enn no. Dette har ført til nye haldningar på mange felt, ny livsførsel, ny lovgjeving i fundamentale spørsmål og i det heile eit endra samfunn.

1.2 Korleis skal vi tenkje?

Kva er det som har gitt oss denne utvikling, og kva er det som har ført oss til det samfunnet vi har no? Då tenkjer vi ikkje i første rekkje på den materielle og tekniske utviklinga, men det som går på måten folk tenkjer og lever på, haldningar og verdiar hjå den einskilde og i samfunnet. Korleis skal vi vurdere dette ut frå kristen tru og tanke? Kan vi lære noko av Bibelen, Guds ord, i denne samanhengen? Gjev Bibelen oss ei rettesnor for livet og måten vi skal tenkja om samfunnet på, som er aktuelt for oss i dag?

Dette er nokre av dei problemstillingane vi vil ta opp i denne vesle boka. Vi vil sjå på og analysere dei tankestraumane som har vore opp gjennom historia og som har ført fram til

dagens samfunn og tenkjemåte, og vi vil setja søkjelyset på det av tenking, verdiar, haldningar og etikk som pregar landet og folket vårt i dag - og som i stor grad pregar heile Vest-Europa. Dette skal vi gjera opp mot og i lys av kristen tenking, altså det Bibelen lærer oss om livet og samfunnet. Difor må vi først gjera klart dei viktigaste elementa i kristen tenking og i det Bibelen lærer oss om samfunnet.

Dette vurderer eg som det viktigaste.

2 Kristen tenking: eit startpunkt

All tenking baserer seg på kunnskap og på det å kunna halda ulik kunnskap og ulike tankar opp mot kvarandre. Kristen tenking hentar framfor alt innhaldet sitt får Bibelen, Guds ord, og held det ein finn her saman med det ein møter i kulturen og samfunnet. Den kristne kunnskapen og tenkinga vi har fått i Bibelen, er ulik all anna kunnskap og tenking, fordi det vi finn i Bibelen, er Guds ord og er uttrykk for korleis Gud tenkjer og kva som er hans vilje. Alt anna stammar frå mennesket og er menneskeord og menneskeleg tenking. Guds ord - og berre det - er den rette norma og den rette autoriteten fordi det er openberring frå Gud.

2.1 Bibelen er openberring

2.1.1 Kva er «openberring»?

Med ordet "openberring" meiner vi at noko som var skjult og ukjent vert ope og kjent. Bibelen er openberring på den måten at kunnskap som var hjå Gud i himmelen, har han gjort kjent for oss menneske her på jorda. Dette er ein type kunnskap som vi ikkje kunna finna fram til på eiga hand, men det måtte gjevast oss av Gud. Denne openberringa er gjeven ved profetar og apostlar i Bibelen (1 Kor. 2,9ff). Bibelen, som Guds ord, er vår autoritet og det har overtydingskraft i seg fordi det er inspirert av Gud, utgått frå Gud og er berar av Guds Ande (2 Tim 3.14-17).

2.1.2 Kva har Gud openberra?

Den kunnskapen vi her talar om, er i første rekkje den som gjeld Gud og kven han er, og kva Guds vilje og frelse er. Det gjeld også ein rett kunnskap om mennesket ut frå at vi er skapte i Guds bilete og har falle i synd, og med det den rette forståinga av mennesket sett i lys av Gud. Det inneber også ein rett kunnskap om menneskets forhold til Gud og behov for frelse. Med det endar openberringa opp i Jesu frelsesverk, sjølve evangeliet. Det er ein kunnskap om at Jesu død var i vår stad, for oss, og at hans oppstode var til vår rettferdiggjering, slik at vi kan verta frelste og få del i det evige livet.

2.1.3 Spesiell og naturleg openberring

Sentrum i den openberringa som Bibelen gjev oss, er med det evangeliet og frelsa, men det omfattar i røynda heile tilværet og heile menneskelivet, særleg det som gjeld Guds vilje med skaparverket og mennesket sitt liv på jorda. Rett nok har vi i kraft av å vera skapte i Guds bilete fått ein viss kjennskap til Gud og hans vilje, og med det ei viss evne til å leva slik Gud vil. Det er særleg knytt til samvitet vårt. Vi kallar dette den *naturlege openberringa*, og det er ein måte Gud styrer mennesket på for at livet skal verta så godt som mogleg for alle menneske (Rom 1,19f; 2,14f).

Merknad [BH1]: Dette avsnittet trur eg dei kan forstå, men kan kanskje sløyfe forklaringa om naturleg og spesiell openberring.

2.1.4 Mennesket vendt bort frå Gud

Problemet er at ved syndefallet vart vår evne til å tenkja vendt bort frå Gud, og samvitet vårt reagerer ikkje automatisk slik det skal og bør. Resultatet er tomme tankar, eit duglaust sinn og ei liv i umoral (Rom 1, 21f; 2, 28). Difor treng vi også med tanke på skaparverket og livet på denne jorda Guds ord i Bibelen, slik at vi på påliteleg vis kan læra kva som er rett og galt, godt og vondt - kort sagt kva som er Guds vilje. Vi kallar dette den *spesielle openberringa*, fordi ho er Guds ord og er gjeven oss frå Gud på spesielt og endeleg vis i Bibelen - og berre der.

Det er fleire element i den openberringa Bibelen gjev, også vedrørande det som gjeld samfunnet. Bibelen gjev oss eit totalsyn på tilværet, og lærer oss å tenkja om det dennesidige og livet her på jorda i lys av det evige og himmelen. Vi lærer å tenkja om oss som menneske i lys av Gud og Guds vilje. Sentrum i dette gjeld det evige livet og frelsa, men det omfattar også livet på jorda og samfunnet. Då lærer vi å prioritera ut frå æva, frelsa og Guds rike (Mat 6,33).

3 Viktige element i det kristne synet

Gjennom det Bibelen openberrar for oss om Guds gjerning og Guds vilje frå skapinga til nyskapinga, kan vi læra å tenkja rett om oss sjølve, livet og samfunnet - og med det kunna vurderera rett kulturen og alt som er rundt oss, slik at vi kan leva rett i den tida og det samfunnet vi no ein gong lever i. For å tenkja rett om det samfunnet vi er ein del av, er det ikkje nok berre å kjenna samfunnet, men vi må vurderera det ut frå dei elementa som Bibelen lærer oss er fundamentale med tanke på livet her på jorda.

Dette gjeld særleg nokre område:

3.1 Menneskesynet

3.1.1 Gud er skapar

Bibelen startar ikkje med å forklara oss kven Gud er, men han byrjar med at Gud skaper. Gud berre er der, og han dukkar opp på arenaen som Skapar. Gud presenterer seg som Skapar, og med det som den alt går ut frå og som har hand om alt. Han er den absolutt suverene. Han har ingen å takka for noko som helst, men alle og alt som er til har han å takka for sin eksistens.

Gud skaper himmelen og jorda, altså heile universet (1 Mos 1,1ff), og han skaper og ordnar på systematisk og målretta vis alt som er i universet og på jorda, slik det er fortalt gjennom sju skapings dagar. Denne skapinga skjedde ved Jesus som skaparordet, og alt vart skapt med mål og meining. Difor står også alt ved lag ved Kristus og høyrer han til (Kol 1,16f). Det legg grunnlaget for at mennesket kan oppleve livet meningsfylt og målretta - til forskjell frå det *darwinismen* lærer om at alt har vorte til på reine slumpen, utan mål og meining.

Merknad [BH2]: Frå skapinga til nyskapinga

Kristen tenking dannar eit heilskapssyn på tilværet, det vi kallar ei røyndomsforståing. Dette ber i seg nokre fundamentale element, nokre byggjeklossar som spenner frå skapinga, via syndefallet og Jesu frelsesverk til herlegginga eller at Gud ved Jesu atterkome skaper ein ny himmel og ei ny jord, eit nytt univers. Skal vi tenkja kristent rett om Gud, oss sjølve, livet og samfunnet, må vi plassera alt innan denne totalforståinga og sjå alt i lys av desse fundamentale hendingane.

Skaping

Dette vil kort seia at alt er skapt av Gud og alt var ved skapinga berre godt, slik skapingsfortellinga i Bibelen lærer oss (1 Mos 1-2). Det fremste i skaparverket var mennesket som Gud skapte i sitt bilete (1 Mos 1.26f), fordi han ville ha samfunnet med oss i all æve. Gud skapte jorda som ein bustad for mennesket (Jes 45,18), og i Edens hage var Gud i lag med dei to første menneska, Adam og Eva. Alt som har med skaparverket å gjera, er difor i utgangspunktet godt.

Syndefall

Problemet er at mennesket vart ulydig mot Gud og gjorde opprør mot Guds gode vilje, slik fortellinga om syndefallet lærer oss (1 Mos 3). Mennesket vart lurt og forført av Satan, og lidning, vondskap og død kom inn på jorda. Då skjedde det også noko med menneskets kunnskap og tenking som gjer at vi ikkje automatisk tenkjer og handlar som Gud vil -vertimot, sanning vart bytt med løgn (Rom 1,25). Ut frå vår eigen natur gjer vi Gud imot og tenkjer ikkje som Gud vil. Dette kallar vi arvesynda. Mennesket vart fortapt, og det kom til uttrykk ved at Adam og Eva vart jaga ut av Paradiset.

Berging

Merknad [BH3]: Eit viktig avsnitt som eg ikkje klarer å peike på korleis det kan gjerast kortare.

Merknad [BH4]: Skaparverket skapt av Gud

Det ordet for skaping som er brukt i 1 Mos 1 om Guds skapargjerning, er eit spesielt ord som berre kan brukast med Gud som subjekt, som den handlande. Vi finn det aldri brukt om noko som menneske eller dyr gjer, eller om noko som skjer i naturen. Det er eit ord som seier at noko skjer heilt suverent og utan føresetnad i noko som var på førehand. Det er utan parallellar i noko anna, det er analogiløst - som det heiter med eit par framandord. Gud skapte ved sitt ord, han tala og det skjedde, han baud og det stod der (Salme 33,6; 9), han held alt oppe ved sitt mektige ord (Hebr 1,3).

Skaparverket er ikkje Gud

Dette seier oss også at samstundes som skaparverket stammar frå Gud, er det utafør og forskjellig frå Gud. Gud ber skaparverket, men det er ikkje eitt med Gud. Difor vitnar skaparverket om Gud, men vi finn ikkje Gud der. I alle kulturar ...

3.1.2 Menneske skapt i Guds bilete

Det er sterkt understreka i Bibelen at mennesket er skapt, og at det er skapt i Guds bilete (1 Mo 1,26f). Ved at det er sagt at Gud forma mennesket av jorda (1 Mos 2,7), er det understreka at mennesket høyrer skaparverket og naturen til. Det set preg på mennesket etter det ytre, det som gjeld lekamen. Både dyr og menneske er skapte av Gud og skal leva på den same jorda og under ytre sett like vilkår. Difor er det naturleg at det med tanke på kroppen og dei ulike organa er mykje som er likt.

3.1.3 Eit vesen med unik verdi

Det som gjer mennesket spesielt og ulikt dyra og alt anna Gud har skapt, er at mennesket - og berre mennesket - er skapt i Guds bilete. Det er det som gjev oss menneskeverd, eit verd om går langt ut over det som gjeld dyr, planter og alt som måtte finnast av levande organismer. Mennesket er skapt med Gud, hans person, vesen og vilje som utgangspunkt og modell - og med det lite ringare enn Gud (Salme 8, 4-7).

Ved at vi er skapte i Guds bilete, er det som vi står overfor Gud og kan sjå oss i han som vi ser oss i ein spegel. Den spegelen er Guds ord, som er som Gud, og vi kan difor læra oss sjølve rett å kjenna ved å sjå oss i lys av Bibelen.

3.1.4 Eit ævevesen

Det er mange sider ved det å vera skapt i Guds bilete, men det fundamentale er at vi er skapte som åndelege og evige vesen til samfunn med Gud. Æva er lagt ned i menneskehjarta, seier Guds ord (Fork 3,11) - og det gjeld berre mennesket. Difor er det unaturleg og innsnevrande å leva som om det ikkje er noko etter død, og som om alt er materielt.

Det at mennesket er skapt som ævevesen, vil seia at mennesket er skapt til samfunn med den evige Gud, altså til å leva saman med Gud. Difor gjekk Gud i lag med Adam og Eva i Edens hage og dei snakka naturleg med Skaparen sin (1 Mos 2, 16ff; 3,8ff), og på den nye jorda skal Gud på nytt bu blant menneska (Op 21,3). Vi er skapte som personar fordi Gud er person, og vi har fått livet vårt ut frå den levande Gud (1 Mos 2,7).

3.1.5 Eit talande vesen

Samfunnet med Gud skulle utøvast via ord og kommunikasjon. Difor skapte Gud oss slik at vi kunne høyra hans tale og tiltale, og han skapte oss med språk slik at vi kunne tala med Gud og med kvarandre. Som den menneskelege kommunikasjonen føregår ved ord, gjer den åndelege det også. Av denne grunn har Gud gitt oss sitt ord i Bibelen, gjennom det kan Gud få oss i tale og vi ha samfunn med Gud.

3.1.6 Eit ansvarleg vesen

Ved at vi vart skapte i Guds bilete og med det står overfor Gud, vart vi også skapte til å gjera rekneskap for Gud og til å forvalta det som var på jorda på Guds vegner. Dette siste kallar vi forvaltar- eller kulturoppdraget. Dette gjorde at det fekk radikale fylgjer då mennesket svikta i forhold til Gud og hans vilje, slik det skjedde då Adam og Eva åt av kunnskapens tre og syndefallet var eit faktum. Mennesket høyrde på Satans ord og med det kom alt som fylgjer med Satan inn på jorda - synd, ondskap, lidning og død.

3.1.7 Eit vesen som treng frelse

Syndefallet førte slik synda og alle sine konsekvensar inn på jorda. Det mest fundamentale var at samfunnet med Gud vart brot og mennesket vart jaga ut av Paradiset (1 Mos 3,23f). Det gudsbilete vi var skapte i, vart knust, men det vart ikkje fjerna. Mennesket vart ein syndar, men ikkje djevlesk. Mennesket treng frelse, og det kan frelsast - men som Gud suverent skapte mennesket, må Gud suverent også frelsa **det**.

3.2 **Historiesynet**

3.2.1 Gud skapte

For å forstå utviklinga på jorda på rett vis og ut frå dei rette verdimålarane, må vi tenkja ut frå eit kristent historiesyn. Den kristne forståinga av historia tek utgangspunkt i at Gud har skapt universet og alt av liv, og har sett mennesket inn i skaparverket med mål og meining. Dette skjeddde ved at Gud skapte mennesket i sitt bilete. (Dette har vi kort skissert under avsnitt om skaparsynet).

3.2.2 Gud styrer heile skaperverket

Det som hender opp gjennom historia, skjer med det ikkje tilfeldig eller mållaust, slik nokre hevdar. Menneskelivet og utviklinga av dette er heller ikkje einsidig bestemt av mennesket, slik *rasjonalismen* i siste instans må meina. Det er heller ikkje dei materialistiske føresetnadene eller det som ligg i naturen, som styrer alt, slik *materialismen* og *naturalismen* lærer. Gud har alt i si hand. Han er suveren og brukar det som han har lagt ned i skaparverket, og han grip direkte og suverent inn slik han vil for å styra historia mot det målet han har sett.

3.2.3 Gud styrer trass i det onde

Sjølv om mykje på jorda er i strid med Guds vilje, har Gud heile tilværet i handa si. Det inneber at han på forunderleg vis har hand om både det gode og det vonde. Ikkje noko skjer utan at Gud tillet det og er i sjølve situasjonen (Mat 10. 29-31). Gud har skapt både den gode og den vonde dagen, og med det har Gud alle dagar i si hand og er i stand til å ta seg av alt (Fork 7.13f). Dette er til trøyst og frimod på det personlege planet, og det seier at Gud har den fulle kontrollen med historia sin gang.

Det historiske utgangspunktet er at Gud skapte mennesket i sitt bilete til samfunn med seg, og det absolutte utgangspunktet var at alt var godt, som Gud er god. Det kristne historiesynet og Guds styremåte har som si grunnline at mennesket er skapt til samfunn med Gud, og at det er Guds overordna mål at mennesket skal leva i den posisjonen. Gud styrer difor historia med det som rettesnor og siktemål.

3.2.4 Gud styrer for å frelse

Dette førte til at Gud straks sett inn si frelsesgjering då mennesket falt i synd, og vi fekk frelseshistoria som toppa seg i Jesu kome til jorda og Jesu frelsesverk. Gud styrer framleis i lys av dette ut frå at flest mogleg menneske skal få høyra Guds ord og verta frelste (2 Pet 3.9), og at det heile skal enda opp i herlegdomslivet på den nye jorda.

Merknad [BH5]: 1. Frelsessynet

Både skapinga og syndefallet har med det konsekvensar både for livet her på jorda, samfunnet og kulturen, og for æva og forholdet til Gud. I det store perspektivet er frelsa viktigare enn livet på denne jorda. Difor reiser Guds ord spørsmålet om kva det gagnar mennesket om ein vinn heile jorda, men taper sjela si (Mat 16.26). Av same grunn vert vi bedne om å søkja Guds rike først (Mat 6.33). Også styresmakta har i oppgåve å leggja til rette for sann guds frykt og med det for at folk kan verta frelste og læra sanninga å kjenna (1 Tim 2.1-4), sjølv om det ikkje er samfunnets oppgåve direkte å verka til frelse.

Gud styrer historia totalt sett, men han styrer særleg med tanke på frelsesdimensjonen. Difor valde han ut Abraham og Israel som folk for å bera frelsa si inn på jorda og ut til alle folkeslag (1 Mos 12.1-3). Israels historie vart med det sjølve frelseshistoria. Dette er utgangspunktet for historia og måten vi skal forstå historia på.

Merknad [BH6]: Dette avsnittet kan faktisk erstatte dei 4 kapitla over. (Her får JK fram både Guds bilete, syndefall, frelsesynt og at Gud er Herre i historia.)

Merknad [BH7]:

3.2.5 Gud styrer ved å dømme synden

Då synda utvikla seg på jorda i all sin vondskap og på det mest destruktive vis for menneskeslekta, sett Gud ein mellombels stopp for synda ved syndfloda. Likevel kunne ikkje Gud rydda synda ut på denne måten, fordi synda ligg i menneskehjarta - i så fall mått han utrydda mennesket. Difor vil ikkje Gud fleire gonger handla på denne måten, men han vil la skaparverket og skaparordningane stå ved lag for all tid (1 Mos 8.21f). Derimot gjekk Gud inn ei pakt med heile skaparverket om ei frelse og utløyising som byggjer på Gud og hans nåde åleine (1 Mos 9.8ff), og denne pakta vart verkeleggjort i Jesus, og ein får del i henne ved trua på han.

Dette inneber at Gud held universet oppe og styrer menneskeslekta med tanke på menneskets frelse og det evige herlegdomsriket. Historia går ikkje i ring eller har ein tilfeldig løpebane. Historia er det vi kallar lineær. Ho starta i eit bestemt punkt, og ho går framover mot eit fastlagt mål. Det er Gud som styrer langs denne lina, men for oss er det vanskeleg og ofte umogleg å sjå Guds hand i den historiske utviklinga heilt konkret, men vi veit at ho er der og at Gud har kontrollen.

3.2.6 Guds plan finner vi i Bibelen

Grunnen til at vi ikkje kan sjå Guds fotefar tydeleg i historia og at vi ikkje på førehand kan seia korleis utviklinga vert, er syndefallet. Det førte både med seg at alt på jorda kom i motsetnad til Gud - samstundes som det høyrer Gud til, og at mennesket ikkje vart i stand til å sjå og forstå Gud og hans vilje direkte og fullt ut. Ved at tanken vart formørka treng vi den spesielle openberringa i Bibelen for å få tak i Guds vilje og handlemåte. Difor kan vi lære korleis Gud er historias Gud ved å lesa Det gamle testament og sjå korleis Gud handla med Israel og folka som budde rundt jødane, inklusivt dei store verdsrika.

Gud reagerte på synd og opprør mot seg, og han handla ut frå frelsesplanen sin. Det same gjer Gud i dag, men sidan vi ikkje har ei tilsvarende openberring av den historiske utviklinga etter Jesu kome til jorda, som den vi finn i GT, kan vi ikkje i eitt og alt sjå Guds handlemåte i historia no. Vi ser det berre i glimt og som tendensar. Vi er likevel ikkje heilt utan haldepunkt for å tolka utviklinga, fordi Gud har openberra for oss hovudtrekka i utviklinga fram mot Jesu atterkome. Dette finn vi særleg i Johannes openberring, men også i Jesu avskilstalar og i breva.

Sjølv om det for oss verkar som det er mennesket som styrer utviklinga, særleg leiarane av dei store nasjonane, er det djupast sett Gud. Han er herre over herrane og konge over kongane (1 Tim 6.15). Det ser vi ikkje minst glimt av i Daniels bok. På for oss uforklarleg måte må også det som er i mot Guds vilje, i siste instans tena Guds mål med historia. Dette gjeld endatil Guds store motstandar i endatida, antikrist og hans medsamansvorne. Guds ord og vilje vert til sist fullført (Op 17.17).

3.2.7 Gud styrer gjennom oss

Samstundes som Gud arbeider langs denne lina, held han jorda oppe og arbeider for å hindra skadeverknadene av synda og gjera livet på jorda så godt som mogleg for flest mogleg. Til dette har han gjev oss sin vilje, lagt lovas gjerning ned å hjarta vårt og gjeve oss samvit, fornuft og menneskeleg utrustning på ulikt vis.

Dette er ei vidareføring av det oppdraget mennesket fekk ved skapinga ved at mennesket skulle råda over alt på jorda og dyrka hagen. Vi kallar det forvaltar- eller kulturoppdraget - og

det er gjeve til alle menneske uavhengig av gudstru, men djupast sett skal alle menneske gjera rekneskap for Skaparen for måte oppdraget er utført på.

3.2.8 Gud styrer gjennom samfunnet

I tillegg til kulturarbeidet styrer historias Gud i det jordiske gjennom samfunnet, og då særleg ved menneskets gudgjevne fornuft. Samstundes har Gud gjeve retningslinjer for styresmaktas oppgåve og mandat. Både kultur- og samfunnsoppdraget er del av det vi kallar det verdslege regimentet, som omhandlar Guds styringsmåte på jorda til forskjell frå det som gjeld Guds arbeidsmåte med tanke på æva og frelsa, det åndelege regimentet.

3.3 Kultursynet

3.3.1 Å forvalte skaparverket

Det kulturoppdraget Gud gav til dei første menneska var knytt til å forvalta skaparverket, særleg det å dyrka jorda (1 Mos 1,26.28; 2,15). Det grunnleggjande i kulturen er difor arbeidet og på ein positiv måte å leggja under seg naturen. Dette høyrde i utgangspunktet til under det som Gud ved slutten av skapingsprosessen sa var overlag godt (1 Mos 1, 31). Kulturarbeid er med det frå Guds skaparhand positivt, byggjande og godt.

Ved syndefallet vart kulturoppdraget ramma av og lagt inn under syndefallets konsekvensar over jorda, som alt anna Gud hadde skapt godt. Arbeidet - og med det kulturarbeidet - vart lagt under forbanning (1 Mos 3,17-19). Med det kom det ein negativ og destruktiv dimensjon inn over kulturen, som over det øvrige på jorda. Kulturoppdraget er likevel framleis del av Guds gode skaparvilje og står i Skaparens teneste.

Når vi i vår tid tenkjer kultur, tenkjer vi ikkje på vårt vanlege arbeid for å tena til livets opphald, men det starta altså der - og vi må ha forvaltninga av naturen og skapargodene som utgangspunkt om vi skal forstå kulturoppdraget og vurdera kulturen på rett vis. Når menneske får livsvilkår som gjev rom for meir enn arbeidet med å skaffa seg det daglege brødet og ta seg av sine næraste, utvidast rommet for kulturarbeid.

3.3.2 Å skape eit rikare liv

I vårt velstandssamfunn tenkjer vi ved kultur særleg på litteratur, musikk, film og ulike typar kunst. Poenget er at også dette er uttrykk for forvaltning av naturen og dei godene Gud har gjeve oss ved skapinga, og det skal medverka til eit betre og rikare liv på den jorda Gud har plassert oss.

Kultur er ikkje meint som rein underhaldning eller som luksus i fritida. Det er frå Guds side meint som ei utnytting av skapargodene til beste for menneskeslekta, for at vi skal få eit rikast mogleg og mest mogleg meiningsfullt liv. Gud har også utrusta oss som menneske ulikt, slik at vi på ulikt vis kan bidra til eit rikast mogleg liv i det samfunnet vi lever i. Det gamle testamentet fortel at Gud hadde utrusta nokre med særlege gåver til utskjering og det å laga fine ting til glede for folk og til ære for Gud (1.Mos.31). Andre hadde Gud gjeve særleg gåver på sangens og musikkens område, også det til glede for menneske og til ære for Gud (t.e. kong David). Nokre hadde spesielle oppgåver som historikarar og andre skriveoppgåver. Slik vil det vera til alle tider, i alle kulturar og i alle samfunn.

3.3.3 Å vurdere gode og dårlige sider

Kulturoppdraget er altså gudvilja og byggjande. Difor skal vi som utgangspunkt ha eit grunnleggjande positivt kultursyn. Samstundes er kulturoppdraget underlagt syndefallet og vert utført på syndefallets jord og under syndefallets negative konsekvensar. Det gjer at vi også må ha eit kritisk kultursyn. Kulturen kan opptre både i skapinga og synda si teneste, og ofte ber han i seg noko av begge delar.

Der kulturen opptre i samsvar med Guds skaparvilje, er han byggjande og god, og tener mennesket etter Guds vilje. Der kulturen har eit innhald som er i strid med skapinga og Guds bod, er han negativ og tener synda, og er med det til skade for mennesket. Problemet er at vi sjeldan finn kultur i "rein form" i ei av desse to utgåvene. Målestokken og det vi må bruka til å skilja mellom det som byggjer og det som riv ned, er dei ti boda og om det tener til rett prioritering i livet.

I møte med kulturen kan vi bruka denne formaninga frå apostelen Paulus som ei sunn rettesnor (Fil 4,8): *Elles, brør: Alt som er sant, alt som er ære verdt, alt som er rettferdig, alt som er reint, alt som er verdt å elska, alt som folk talar vel om, alt som duger og er ros verdt - gjev akt på det!*

Merknad [BH8]: Når vi skal vurdere kulturen, må vi difor vurdere han ut frå om han tener det mandatet Gud ved skapinga gav som forvaltaroppdrag over det Gud hadde skapt og hadde plassert mennesket inn i. Då må kulturen verka i samsvar med og tena Guds skaparordning og Guds vilje, slik dette er openberra i Bibelen. Vi må med andre ord leggja skapardimensjonen og dei ti boda som mal for kulturen og for vurderinga av denne.

3.4 Samfunnssynet

3.4.1 Familie

Gud skapte mennesket slik at det skulle ha fellesskap både med Gud og med kvarandre. Difor gav han oss språk og gav oss evne til å kommunisera med kvarandre. Til det mest grunnleggjande fellesskapet menneske imellom gav Gud ekteskapet mellom mann og kvinne, og med det familien. Einskaper i ekteskapet er det mest intime forholdet mellom to menneske, og det er den - og den einaste - ordninga Gud har gjeve for å halda menneskeslekta opp og føra henne vidare. Difor er ekteskap og familie sjølve fundamentet for samfunnet, og Gud innførte denne ordninga alt ved skapinga (1 Mos 2, 18-25).

3.4.2 Samfunn

Etter som menneskeslekta utviklar seg, ser vi at dei arbeider og finn måtar å leva saman på. Det utviklar seg samfunn som regulerer forholda mellom menneska som bur i lag og mellom ulike folkegrupper. Dette er gudvilja, men syndefallet hadde gjeve menneska ein eigenvilje som gjorde at dei ville opptre uavhengig av Gud og Guds vilje.

Mennesket ville styra seg sjølv. Det førte store problem med seg, slik vi kan lesa mange stader i GT. Gud måtte ofte gripa inn på ein straffande og styrande måte. Vi ser dette tydeleg då Gud greip inn då menneska i Babel ville byggja ein by og eit tårn som uttrykk for at dei ville ha den kontrollen som berre Gud skulle ha. Det førte til at menneskeslekta fekk ulike språk og at folket var spreidd ut over jorda (1 Mos 11,1ff).

3.4.3 Nasjoner

Gud har med det ordna det slik at folk bur over heile jorda med grenser mellom land og nasjonar, og mellom folk sine bustader (Ap 17,26). Sjølv om alle høyrer til den same menneskeslekta og har same verd, har ein fått grenser mellom ulike folkegrupper og individ. Vi har fått eigedomsrett og nasjonalstatar. Det er fundamentalt for samfunnet og for styringa av det.

Merknad [BH9]: Kulturen er viktig for den einskilde sitt liv, for å gjera livet rikt, innhaldsfylt og meningsfylt. Kulturarbeidet fører mykje inspirasjon, glede og utfordring med seg på det personlege planet - alt etter kva menneskeleg utrustning ein har, og alt etter om ein utfører kulturarbeidet sitt i typiske "kulturelle aktivitetar" eller gjennom sitt "vanlege" arbeid.

Samstundes er kulturen ein viktig del av samfunnet, og kulturen er med på å gje kvalitet til samfunnet. Difor er kulturoppdraget ein del av Guds arbeidsmåte for samfunnet og måten Gud styrer og utviklar samfunnet på. Både den einskilde og styresmakta har med det ansvar for korleis det vert lagt tilrette for kulturoppdraget på, og for korleis dette vert gjennomført.

Sidan kulturoppdraget høyrer skaparplanet til, ikkje frelsa, har både kristne og ikkje-kristne del i dette og står slik sett i utgangspunktet likt i møte med kulturen. Det same gjeld i møte med samfunnet og samfunnsoppdraget. Samstundes har Guds folk eit særleg ansvar ut frå si forplikting på Guds ord, gjennom sitt samfunn med Gud og ved at lekamen er gjort til eit tempel for Den Heilage Ande (1 Kor 6,19f).

Gud styrer ikkje samfunnet direkte, men gjennom menneske og skaparordningar. Vi har sett korleis dette skjer gjennom kulturoppdraget, og vi har peika på at det skjer gjennom ordninga med ekteskap og familie. Den meir direkte styringa av samfunnet, skjer gjennom styresmakta (Rom 13,1-7).

3.4.4 Styresmakta er Guds ordning

Som stat og samfunn er ei Guds ordning for livet på jorda, er styresmakta det. Difor seier Guds ord at styresmakta er innsett av Gud. Det har to sider ved seg. Den første er at styresmakta skal utøva Guds vilje, og det andre er at borgarane difor skal vera lydige mot styresmakta (Tit 3,1f; 1 Pet 2,13-17).

Sidan styresmakta er gudvilja og skal verka til eit samfunn etter Guds vilje, har Guds folk fått i oppdrag å be henne, og for alle i høg stilling. Dette skal vi gjera anten vi er samd med styresmakta eller ikkje, kort og godt fordi ho er uttrykk for ei ordning etter Guds vilje og for at ho skal tena Guds vilje (1 Tim 2,1-4).

Det er ikkje slik at Guds ord i detalj seier kva styresmakta skal gjera eller korleis denne skal organiserast. Difor både kan og vil det variera frå tid til tid og frå land til land.

3.4.5 Styresmakta har to oppgåver

Djupast sett har staten og styresmakta berre to oppgåver: Hindra den vonde gjerninga og fremja den gode. Dette skal skje gjennom lovverket og rettsvesenet, slik at den som gjer den vonde gjerninga vert straffa og den som gjer den gode får løn for det. Det skal også skje gjennom forsvar av landet, om nødvendig med militær makt. Det er desse oppgåvene gjennom politi og forsvar som er omtalte når det heiter at styresmakta ikkje ber sverdet for inkje.

Ved at styresmakta skal fremja den gode gjeringa, er det naturleg at samfunnet i tillegg til å verna borgarane og hjelpa dei til å ta seg av kvarandre, også sjølv grip inn med hjelp til dei svakaste både på nasjonalt og globalt plan. Tilsvarande er det naturleg at styresmakta syter for kontakt mellom innbyggjarane ved kommunikasjon, og difor har det vore vanleg at staten tek seg av vegbygging.

For at styresmakta skal kunna utføra si rettmessige gjerning, har ho fått rett til å krevja inn skatt og avgifter. Difor er vi formante til å gje keisaren, altså styresmakta, det som keisarens er (Mat 22,21). Å undra seg skatt, avgifter og toll er difor synd både mot Gud og sine medmenneske.

3.4.6 Styresmakta kan svikte si oppgåve

Så lenge styresmakta opptrer etter sitt mandat og si oppgåve i samsvar med Guds vilje, er ho til velsigning og då skal alle borgarane lyda henne - for ved det å lyda Gud og ha godt samvit, også når ein er usamd i vedtak styresmakta gjer. Problemet oppstår når styresmakta sviktar i høve oppdraget sitt, anten ved at ho utøver ei vond gjerning eller ved at ho unnlet eller hindrar den gode gjerninga. Då vil ho anten by folk å gjera mot Guds vilje eller ho vil hindra folk å gjera Guds vilje. Begge delar er å synda.

Aller verst vert det når styresmakta går ut over sitt mandat og trer inn i Guds funksjon. Det gjer ho når staten påbyr kva menneske skal tru, tenkja og meina. Då har styresmakta vorte

diktatorisk og tyrannisk ved at ho herskar over folks samvit, og nektar folk å gje Gud det som Guds er. Keisaren vil då ta det som er Guds (Mat 22,21). Då er kristne inne i martyriet.

Utgangspunktet for ein kristen, er at han alltid skal gjera Guds vilje. Det skal ein i samfunnet gjera ved å lyda og æra styresmakta, betala skatt og gjera den gode gjerninga. Dersom styresmakta skulle by ein å synda, skal ein framleis lyda Gud ved å nekta å gjera det styresmakta byd. Vi skal alltid lyda Gud meir enn menneske (Ap 5,29).

3.4.7 Dei to 'regimenta'

Det vi så langt har sagt om korleis Gud arbeider, skal vi summera opp i det vi kallar det åndelege og det verdslege regimente. Med ordet "regimente" meiner vi ein måte å styra på, ein styringsmåte. Vi omtalar både det åndelege og det verdslege regimente som Guds regimente, altså som Guds styringsmåtar.

Det er to ulike måtar Gud styrer på, fordi det gjeld to ulike område av livet, har to ulike mål og brukar to ulike verkemiddel. Det er viktig å merka seg at begge styringsmåtane eller regimenta er Guds - dei er underlagde Gud og står i hans teneste.

3.4.8 Det åndelege regimente

Når vi snakkar om Guds åndelege regimente, meiner vi det som skjer i det kristne arbeidet i kyrkje, bedehus og misjon. Det gjeld den kristne forsamlinga med forkynning av Guds ord, dåp, nattverd, vitnemål, bøn, nådegåvene i funksjon, diakoni og alt som slik sett høyrer kristenlivet til. Målet med dette er at folk skal verta frelste, få del i eit nytt liv og leva eit kristent liv i teneste for Gud.

Her gjer Gud si gjerning gjennom Ordet og sakramenta, primært ved forkynninga av Guds ord. Dette er eit åndeleg arbeid ved Den Heilage Ande, og difor kallar vi det for Guds åndelege regimente. I dette arbeidet brukar Gud kristne mennesket til å formidla si frelse og verka ved dei nådemidla han har gjeve oss.

3.4.9 Det verdslege regimente

Når vi talar om Guds verdslege regimente, gjeld det ikkje frelsesspørsmålet, men livet her på jorda. Ordet "verdsleg" betyr ikkje at det er syndig, ureint eller mot Guds vilje - tvertimot. Derimot er det uttrykk for at det gjeld livet her på jorda, livet i verda. Det dreier seg om måten Gud styrer jordelivet på for at livet i samfunnet skal verta best mogleg.

Gud har ikkje overlete verda til seg sjølv og sin eigen skeive gang, men han arbeider stadig til beste for alle menneske. Det har vi sagt litt om ovafor under stikkorda kultursyn og samfunnssyn. På dette planet brukar Gud alle menneske - kristne som ikkje-kristne, og han arbeider primært gjennom folks fornuft og folks samvit. Det kan Gud gjera sidan det ikkje har med frelsa å gjera, men ligg på skaparplanet og livet her på jorda.

3.4.10 Begge regimenta er Guds

Sidan også det verdslege regimente er Guds og er uttrykk for Guds styringsmåte på jorda, kan ikkje mennesket gjera som det vil og oversjå Gud eller gjera mot Guds vilje om styringa skal vera god, og samfunnet skal verta det beste for mennesket. For at vi skal vita kva som er rett og godt, har Gud ikkje berre gjeve oss fornuft og samvit, men sitt ord i Bibelen. Det Guds ord

seier om samfunnet og styresmakta, er forpliktande for alle menneske med tanke på det verdslege regimente.

Diverre set mennesket og styresmakta ofte til sides Bibelens ord og handlar suverent ut frå seg sjølv og sin eigen tanke og vilje, i strid med Guds tanke og vilje. Det vert alltid til skade for samfunnet, for den einskilde og for familien.